



Eivind Børilden
Øksnesvegen 76
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17986 - 20/78296

Saksbehandlar:
Maya Riise
maya.riise@alver.kommune.no

Dato:
08.12.2020

Varsel om kontroll etter søknad om RMP (regionalt miljøprogram i jordbruket) pr 15.10.2020

Alver kommune viser til foretaket sin søknad om RMP i jordbruket, oktober 2020
I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av RMP tilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2020-19, punkt 4.51, seier at minst 5 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år. Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang. Kommunen kan kontrollera heile eller delar av søknaden. **Dette året vil kontrollen vera ein stadleg kontroll som gjeld søknad om tilskot til brenning av kystlynghei**

Kommunen ynskjer å dokumentera ved stadleg kontroll kor stort areal av kystlynghei som er brent ifm med søknadsomgangen 2020 jamnfør opplysningar i søknaden
Kontrollen vert utført veke 51. Vi ber om at føretaket tek kontakt for å avtale tidspunkt så snart som mogleg og seinast innan fredag 11.12. 20 veke 50

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Vi ber om stadfesting av at de har motteke denne varslinga om kontroll

Dersom de har spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna på epost eller telefon 56375646

Med helsing
Alver kommune, Landbruk

Maya Riise
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Eivind Børilden

Øksnesvegen 76 5943

AUSTRHEIM